

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG NORD-NORGE</b>		
<b>Møtested:</b>	Radisson Blu Hotel Tromsø	
<b>Dato/tid:</b>	Tysdag 07.11. kl 12.15 – onsdag 08.11 kl 14.30	<b>Protokoll: 02/17</b>
<b>TIL STEDE:</b>		
<b>Arbeidsutvalg Nord-Norge:</b>	Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Fred Tore Fagereng (dag 1), Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Birgitte Rørvik Bruun og Bjørn Arne Skoglund.	
<b>Regionutvalg Nord-Norge:</b>	Pål Danielsen, Stine Jelti, Jan Håland, Karl Even Paulsen, Jørn Vidar Romsdal, Morten Fredriksen, Paul Johansen, Johan Fredrik Høyen, Kristian Rognli, Runo Berglund, Torstein Jenssen, Elbjørn Pettersen, Lisa Tollefsen, Martin Ness, Vegard Svendsen, Bernhard Halvorsen, Birgitte Rørvik Bruun, Ajna Nystad, Grete E. Arntsen, Gunnar Fredriksen, Elin Hansen Vik, Einar Kristiansen, Fred Tore Fagereng (dag 1), Glenn Knædal, Leif-Kåre Halvorsen, Ragnhild Engan, Bjarne Johansen, Jan Storteig, Jan Albert Steindal, Jørn Ellingsen, Kjell Magne Sandmo, Kåre M. Gjesbakk, Jens Rydsaa, Liv Kari Huskebakk, Odd Even Pedersen, Endre Østbø, Sigurd Langfors, Hugo Mørk, Bente Børsheim, Peter D. Nikolaisen, Merethe Sund, Roy Harry Dypaune, Bernt Andreassen, Håvard Knygh, Bernt S. Skarstad, Håvard Sjøvik, Lisa Juliussen, Berit Hundåla, Frode Bjørnå og Trygve Fridheim.	
<b>Valgkomité Nord-Norge:</b>	Einar Kristiansen, Wanja Rakvaag, Ajna Nystad, Øyvind Knapstad og Jan Håland	
<b>Andre:</b>	Berit Hundåla (sentral valgkomité)	
<b>Forfall:</b>	Bjørn Tore Søfting (vara Pål Danielsen møtte), Anne Mai Olli (vara Karl Even Paulsen møtte), Torstein Hanssen, Jon Evald Hætta (vara Jørn Vidar Romsdal møtte), Anton Sandmo, Endre Borch (vara Johan Fredrik Høyen møtte), Jan-Tore Aronsen (vara Runo Berglund møtte), Geir Tommy Pedersen, Steinar Gamst (vara Torstein Jenssen møtte), Yvonne Kvernmo, Rune Sandvik (vara Ajna Nystad møtte), Øivind Anders Hansen, Sissel Haraldsvik Johansen, Ole Martin Kristoffersen, Ole Magne Berg, Frøydis Forsmo, Ketil Christoffersen, Merethe Hjerpbakk, Olaf Paulsen, Ynge Herigstad, Gro Estensen, Espen Hald, Lillian Sæterstad (vara Håvard Sjøvik møtte) og Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen).	
<b>Konsernstyret:</b>	Trine Hasvang Vaag (dag 1) og Merethe Sund	
<b>Administrasjonen:</b>	Mads Bendixby, Ellen Flø Skagen (dag 2), Svein Inge Jakobsen, Arne Flatmo, Pål-Kenneth Løvås og Brit Kari Eidseflot Hauger	
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger	

Sak nr	Sak
1	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Svein Slåtsveen ynskte velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>Martin Ness og Liv Kari Huskebakk vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</b></p>

<p><b>2</b></p>	<p><b>Regionutvalsleiar sin tale</b></p> <p>Svein orienterte om antal møter i AU og arbeidsfordelinga. Tema AU har jobba med er Nord-Norge trekk, prisløype, innspel til Nordnorsk Landbruksråd, kretsarbeid, varer i butikk, høyring og innspel frå eigarane, m.m. Tett dialog med styreleiar og styret. Stort fokus på Nortura og norsk landbruk, vi må heile tida forbetre oss. Nord-Norge trekket er fortsatt tema, og vil fylgjast opp av styret. AU har sendt brev til styret, og tal for industriulempen er lagt fram for AU. Prisløype lam har også vore tatt opp i media, og regelverk for beitetilskot er avklart. Vi som eigarar og produsentar må ta ansvar med redusert produksjon. Viktig å fylgje produksjonsutviklinga på storfe. Utfordring med merkevarer i butikk, og utgått liggetid. Tap i retts sakene mot Cowi og Finnmark rein. Bruke energi på vise til korleis vi skal verte betre, framfor å forklare/bortforklare. Målet må alltid vere å verte betre på det vi kan.</p>
<p><b>3</b></p>	<p><b>Økonomi- og driftsorientering</b></p> <p>Trine Hasvang Vaag orienterte om resultat 2. tertial og hittil i år, og hovudtrekk 2. tertial. Vidare om at NOVA er eit ekstremt krevjande prosjekt, og kor langt vi er komne. Dom i Cowi-saka. Nortura seier opp avtalen med Islamsk Råd Norge. Storfe: Ny teljedato 1. oktober ga oss nokre utfordringar. God utvikling i produksjonen av norsk storfekjøtt. Kylling: Store utfordringar. Status omstilling kylling etter styret sitt vedtak desember 2015. Status kalkun. Egg: 5 viktigaste fokusområda. Gris: 3 hovudutfordringar. Vi skal gjere eit skikkeleg griseløft. Sau og lam: Lammesesongen med jamn kvalitet over heile landet, like god klasse med lågare vekt og mindre feitt. Nortura har pr veke 43 selt 16 % meir lam og sau til daglegvare- og proffmarknaden enn i same periode i 2016. Nortura har auka salet av sau i sluttmarknaden.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Einar Kristiansen, Bernt Skarstad, Vegard Svensen, Berit Hundåla, Martin Ness, Bente Børsheim, Øyvind Knapstad, Sigurd Langfors, Bernhard Halvorsen, Johan Fredrik Høyser og Jan Håland.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis stiller Nortura seg til Krf sitt budsjettforslag om omstillingsordning for små og mellomstore mjølkebruk til ammeku? Kan verte for mykje storfekjøtt. Vil også føre til reduserte midlar tilgjengeleg for små og mellomstore mjølkebruk.</li> <li>• Veldig bra viss vi kan drage grisen, dyrevelferden og lite antibiotikabruk inn i reklamen. Godt jobba!</li> <li>• Er det andre produsentar som kan levere så stor varetraum til ei kjede på eit konsept på gris?</li> <li>• Vi leverer ingen gris i marknaden med antibiotikar i, så det må ikkje framstillast som at den som har vore behandla er eit annanrangs produkt.</li> <li>• Mykje dobbelmoral hos folk vedk dyrevelferd. Nortura er marknadsregulator. Held vi på i misse fotfestet? Regjeringa ynskjer at samvirke skal rakne. Stadig nokon som lokkar produsentane med betre betaling. Vi må ha strategi for å handtere det.</li> <li>• Før eigde Nortura Edelgris, men no er det felleseigd. Må sjå på andre område som dyrevelferd og låg antibiotikabruk.</li> <li>• Forbrukar er meir bevisst no, knytt til følelsar og opplevelsar.</li> <li>• Spania ligg høgast på antibiotikabruk, men har profilert seg på spekeskinke.</li> <li>• Prisløype lam: Korleis kan vi som har verdens beste lam, utnytte det i regional produksjon? Er slaktemoden til ulik tid, og kan marknadsførast til ulik tid regionalt.</li> <li>• Nokon meiner sauebonden har seg sjølv å takke for overproduksjonen. Nokon meiner vi har utfordra dyreetikken, med 2,7 lam pr sau mot normalt 2 lam. Kopplam er kostbar produksjon, som gjev overskot. Kva kan Nortura gjere for avl på færre lam?</li> <li>• Skryt for kjempejobb med å kontakte kjedene for engasjement for lam. Gjennomsnitt lammedato for regionen er etter Rogaland, kan ikkje levere så tidleg. Må levere når prisen er på det lågaste. Nord-Norge tillegg skal kompensere for produksjons- og industriulempen. Troms er beste beitefylket i landet, med Nordland som nr 2. Stimulert til produksjon i Rogaland på innmarksbeite. Nortura ynskjer lam som heilårsprodukt. Må få</li> </ul>

	<p>pris som stimulerer til det. Gourmetlamtillegget vert no tatt bort. Må stimulere med pris til levering seinare på den sakte måten, utpå nyåret og mot påske. På gris stimulert til slakting av purke, men på sau redusert på prisen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er prisløypa fastsett i forhold til konkurransen mellom slakteri for å få tak i lam?</li> <li>• Måtte fryse inn storfe pga endra teljedato. Må vurdere å lagre på fjøs framfor å fryse inn, vil redusere kostnader og kan dekke marknaden med ferske slakt. Må brukast økonomisk stimuli. Prisnivået i dag er greitt, men utvide tidsrommet for avtale.</li> <li>• Bindal i ferd med å verte trønderar. Skal vi fortsette å levere til Bjerka, eller skal vi levere til Trøndelag? Vert distriktstilskotet vårt uendra?</li> <li>• Vore etterlyst kjøtdeig av sau og lam, lammelår i skiver, andre produkt av lammelår. Skjer det noko på produktutvikling og tiltak for å få lam i butikk?</li> <li>• Vert jobba med ein region for Finnmark og Troms, utan Nordland. Må då også sjå på verkemiddelbruken.</li> <li>• Pølse og kjøtdeig av sau kan nyttast som kampanjeprodukt i butikk.</li> <li>• Storfe: I 2020 vert støtta til Jarlsbergeksport tatt bort. Det vil også påverke situasjonen for storfekjøtt. Vi må verte flinkare til å vise totalbiletet på klima, med pleie av utmark og CO<sub>2</sub>-binding.</li> </ul> <p>Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b> <b>Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</b></p>
4	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord, samt frå fabrikkane</b></p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om samarbeidet med Nortura Proff på regionale spesialitetar, og status Edelgris frå Vega samt Thulefjord. Vidare om inntransport, fabrikkdrift Bjerka, Målselv og Karasjok i sesongen veke 34 – 44. Tørrhengt produksjon i tørkerom på Bjerka. Produksjon av Thulefjord lammerull. Karasjok slakteeigendom. Rettssaka mot Finnmark rein.</p> <p>Arne Flatmo orienterte om målsetjinga for tilførselsarbeidet i region Nord, utvikling i leveransar av gris, småfe og storfe til Bjerka, Målselv, Karasjok og Horns slakteri. Prosjekt for auka storfekjøttproduksjon i Finnmark og Troms. Satsingsområde for 2018.</p> <p>Pål Løvås orienterte om endring til nasjonalt medlemssenter, medlemstilfredsheita, medlemssenteroppgåver, inntransportplanlegging og livdyrformidling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande:</u> Vegard Svensen, Sigurd Langfors, Bernt Skarstad, Berit Hundåla, Bente Børsheim, Torstein Jenssen, Johan Fredrik Høyer, Birgitte Rørvik Bruun, Ragnhild Engan, Svein Slåtsveen og Øyvind Knapstad.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Veldig mange er ikkje klar over at Thulefjord er laga av råvarer frå Nord-Norge. Kva med marknadsføring av Thulefjord frå den nordnorske bonden, tilsv som Gilde frå den norske bonden?</li> <li>• Kva er årsaka til så låg dødelegheit på inntransport?</li> <li>• Skryte av inntransport med regularitet, haldning og jobb gjort av dyrebilsjåførane, samt lassplanleggarar. Ta med honnøren til dei :-)</li> <li>• Sauebøndene har vorte flinkare til samlasting. Kva skal turkerom på Bjerka brukast til? Uaktuelt med slakting av rein på Bjerka?</li> <li>• Kva er fristen for å anken domen mot Finnmark rein? Er der no dialog om forlik med Finnmark rein?</li> <li>• Når Tor Åge Pedersen selde sin part, fekk då Nortura tilbod om å kjøpe den?</li> <li>• Er det gjort undersøking av alderssamansetjing og framtidstankar for svineproducentane?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Grisen er viktig for slakteria våre, for distrikta og for dei andre husdyrproduksjonane våre. Trasig med reduksjon i svineproduksjonen i Troms. Må gjerast tiltak for å stimulere, ynskjer innspel.</li> <li>• Signal om overproduksjon på gris lenge no. Kan hende det er produsentar som ikkje trur det er mogeleg å kome i gang pga overproduksjon. Signalisere ynskje om etablering no.</li> <li>• Tidlegare leiar i Norsvin var ivrig talsmann for distriktsgrisen. Grisen må dragast meir inn i det politiske biletet. Misser vi grisen i Nordre Nordland og Troms, vil det gje svært auka slaktekostnader. Takast opp i styret, for ekstra fokus på gris i Finnmark, Troms og Nordre Nordland.</li> <li>• Finansiering: I Kåfjord vore planlagt bygging for gris, men fekk ikkje finansiering i bank pga overproduksjon.</li> <li>• Invitere bankane med på info møter?</li> <li>• Landkreditt har vel styremedlemar med svineproduksjon, som kan inviterast og utfordrast på investering i svineproduksjonen.</li> <li>• Må finne økonomi i ammekuproduksjonen, og der er også bankane ei utfordring.</li> <li>• Vert innmelding av livdyr gris på Min side endra noko? Fungerer ikkje/vert ikkje brukt i dag.</li> <li>• Midt og Nord har felles livdyravdeling. Får tilbakemelding om at dei ikkje er enkle å nå. Dei sit på innmeldingssløyfa, vert dei gjort betre tilgjengeleg med nytt medlemssenter?</li> <li>• Vil det ikkje verte att medlemssenter i Nord, etter kvart som folk går av med pensjon?</li> <li>• AU har fått orientering om livdyrformidlinga. Mange behandlingsspunkt med ulike datasystem samt papir. Viktig med forenkling med innføringa av SAP. Vi må også få informert meir om sikkerheit om forsikring, helsestatus, m.m. ved bruk av livdyrformidlinga.</li> <li>• Livdyrformidling er gjengangar, er ikkje på stell. Må takast tak i.</li> <li>• Livdyrformidlinga gjer ein stor jobb med kvalitetssikring i forhold til avl, kredittverdigheit, m.m., men har også forbettringspotensiale.</li> <li>• Skeptisk til sentralisering av medlemssenter – dagens kjenner oss som produsentar.</li> <li>• Oppfordring til vekt på bilen for forenkling av livdyrformidlinga.</li> </ul> <p>Svein Inge, Arne og Pål kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>13</b></p>	<p><b>Nærings- og handelspolitisk status</b></p> <p>Trine orienterte om større spelerom for landbruket i Erna II, årsak til at raud-grønt fleirtal vart umogeleg, ny næringskomité skapar utfordringar og mogelegheiter, regjeringa har ikkje fleirtal for sin landbrukspolitik, det politiske landskapet, fundamentet i den norske landbruksmodellen er i endring. Vidare om Nortura sine politiske hovudprioriteringar, aktuelle saker på kort og mellomlang sikt, m.a. køyre- og kviletidsbestemmelsar. Fortsatt svakt importvern. Handelspolitiske utfordringar. Artikkel 19 kvotene.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jørn Ellingsen, Endre Østbø, Einar Kristiansen, Håvard Sjøvik og Bernt Skarstad.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kven avgjer om saueeksporten er innanfor regelverket? Er det Omsetningsrådet, landbruksministeren eller departementet?</li> <li>• Sau er i volummodellen, og det er ikkje lov å eksportere med støtte. No er prisen på det som leggast på reguleringslager låg, og kan eksporterast. Må då berre ikkje eksportere til land under verdsmarknadspris.</li> <li>• Einaste tabben er at vi sendte sauen til eit MUL-land? Og minister argumenterer med at marknadsordninga er sett i spel?</li> <li>• Er nettbutikk med eige sal for å unngå kjedene vurdert?</li> <li>• Nettbutikk, spesielt for medlemskjøp, ynskjer vi oss. Sal av overskotsvarer og gåvepakningar.</li> </ul>

	Trine kommenterte og svarte på spørsmåla.
<b>6</b>	<p><b>Separate møter for kvart dyreslag</b></p> <p>AU-medlemene for kvart dyreslag orientere frå fagutvala sine, og deretter vart aktuelle saker tatt opp og drøfta.</p>
<b>9</b>	<p><b>Strategiprosessen</b></p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering av etter høyringa i kretsutvala av "Bondens selskap – vårt særpreg. Ho ynskte innspel på høyringsprosessen.</p> <p>Mads Bendixby orienterte om marknaden i dag og utviklinga framover, samt korleis Nortura konkurrerer i denne marknaden. Kjedeandelar. 2017 er krevjande resultatmessig, men veldig mykje bra å jobbe vidare på. Status sal fylkesvis. Daglegvaremarknaden er i voldsom endring, korleis konkurrerer Nortura i denne marknaden? Daglegvaremarknaden veks marginalt. Maten har vorte billegare i Norge, og kjøtet har vorte mykje billegare. Kva kjenneteikna utviklinga i daglegvaremarknaden frå 2015 til 2017. Samfunns- og mattrendar. Høg andel faste kostnader, overetablering og svak vekst. Det meste handlar om vekst og kamp om marknadsandelar. Potensialet for salsvekst på merkevare er størst på store riksposisjonar og kundetilpassa, men vi skal også ta marknadsandelar på EMV. Kampanjar på Gilde og Prior ut året. Ny Gilde juleidentitet. Strategi: Kva skjer rundt oss? 5 målsetjingar som det skal vere fokus på i strategiplanen: Grunnfjell, effektiv vareflyt, offensiv forretningspartner, handtere kompleksitet og innovasjon.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Einar Kristiansen, Berit Hundåla, Endre Østbø og Johan Fredrik Høyer, Svein Slåtsveen, Bente Børsheim, Jørn Ellingsen, Einar Kristiansen, Øyvind Knapstad, Jan Håland og Merethe Sund.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er godt kjent med slike høyringsprosessar frå andre organisasjonar</li> <li>• Hausten er ei travel tid, særleg for saueprodusentar. Vanskeleg å få samla folk. Betre tid til høyringsmøter på nyåret.</li> <li>• Viktig å få innspel frå eigarane, og dette er godt tiltak for å få innspel.</li> <li>• Thulefjord-namnet må ikkje endrast, men gjerne marknadsførast meir og betre om historia.</li> <li>• Stort overskot av sau/lam, og Norgesgruppen sagt at dei ynskjer større sortiment. No er det plutseleg slutt på lam i butikk, og det er julevarene som gjeld. Storfe og svin jamt i butikk, men lam er sesongvare. Er det bevisst frå kjedene?</li> <li>• Er det mogeleg med full listing i mindre butikkar på bygdene, for full tilgang?</li> <li>• Nokre gonger greier vi ikkje å levere, trass i kampanjar og forhåndsordre. Vert frustrasjon i butikk, og vi greier ikkje å selje varene våre. Er tema på alle kretsmøter. Håpar SAP kan løyse dette.</li> <li>• Når eg kjem i butikk og det vert sagt at Nortura ikkje kan levere, vil eg ha kontaktinfo til ein person eller eit registreringspunkt, som kan sjekke opp kva som har skjedd og gjere forbetringar.</li> <li>• Ligg noko av utfordringane i at vi ikkje har distribusjonen? Når kjedene sjølv har hand om distribusjonen, kan det føre til at våre varer ikkje kjem ut i butikk?</li> <li>• TINE distribuerer fersk mjølk kvar dag, kvifor får ikkje vi det til? Aktuelt med samarbeid?</li> <li>• I regionen vår høg merkevareandel fordi vi er flinke til å etterspør varene våre. Men kjøpmennene pressa, og det er ikkje sjølv sagt at vi skal ha ein slik posisjon.</li> <li>• I Mathallen i Oslo er norske produkt meir eller mindre borte. Nortura burde gjort ein jobb for å vere synleg der.</li> <li>• Vore snakka lenge om at vi skal inn i FK-butikkane med varer. Høyrte at FK har lagt den ballen død, men meiner vi ikkje skal gjere det. Vi som sit her er også FK. Etablerer</li> </ul>

	<p>butikkar bynært, kan ha utsal av våre merkevarer der.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjedene ynskjer Gilde-merket på sine egne konsept, t.d. Folkets, for auka sal.</li> <li>• Kven produserer Prima hos Rema?</li> <li>• Kvifor er pålegget skore så tynt? Burde vore tjukkare, då hadde vi selt meir.</li> <li>• Unngå mellomlegg av plast i påleggspakningar.</li> </ul> <p>Brit Kari, Merethe Sund og Mads kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak:</b> <b>Innpela frå Regionutvalet oversendast styret.</b></p>
<p><b>10</b></p>	<p><b>Tema: Sal/marknad status</b></p> <p>Saka vart slått saman med sak 9 Strategiprosessen.</p>
<p><b>11</b></p>	<p><b>Tema: Norturas arbeid med dyrevelferd – dilemmaer og moglegheiter</b></p> <p>Ellen Flø Skagen orienterte om at det er dei store debattane som treff oss, med følelsar kontra fakta. Dyrevelferd viktigast for eit sunt val. Nortura skal vere ein etisk ansvarleg matprodusent. Dyrevelferd er viktig for folk, og viktig å vise at vi tek dyrevelferd på alvor. Kva kan skape konkurransekraft for Nortura framover? Eksisterande merking i Norge.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bente Børsheim, Wanja Rakvaag og Johan Fredrik Høyer.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sakna vårt tilsvaret i saka om gris på dyrehengar, vi nådde ikkje fram. Ynskje ein post på vår facebook-side med fakta, som eg kunne delt.</li> <li>• For å unngå dyretragediar må det vere ei rutine at Nortura kan oppsøke garden dersom det er ei stund sidan leveranse.</li> <li>• Har sakna at TINE og Nortura spør korleis eg har det, etter at far min døydde brått.</li> </ul> <p>Ellen kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><u>Gruppeoppgåver:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>A. Hvilke potensielle dyrevelferdstiltak ser du innenfor din eller andres produksjoner og dyreslag?</li> <li>B. Skal vi være først eller skal vi vente på at «forbrukeren» krever dyrevelferdstiltak? Hvordan kan dyrevelferdstiltak være med på å skape konkurransekraft sammen med enkelte butikkjeder og/eller merkevarer?</li> <li>C. Hva var det siste dyrevernstiltaket som ble gjort på din gård? Hvilke tiltak kan du gjøre i «morgen»?</li> </ol> <p><u>Oppsummering frå gruppearbeidet, som vart presentert av AU-medlemene:</u></p> <p><b>Kretsane 1 Øst-Finnmark, 3 Midt-Finnmark, 5 Vest-Finnmark:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Begrensa tid i kalveboksen åleine, kalven stå med mora i ei veke, musikk i fjøset, minst mogleg støy, reinhald, alle dyr på grasmark 365 dagar i året. Innføre lausdriftskrav tidlegare.</li> <li>• B: Ikkje vere fyrst, men setje i verk tiltak saman med kjedene for felles nytte og økonomi.</li> <li>• C: Sikre innreiing, montert bakportar, hengt opp kost, gummimatte i kalvebinge. I morgon: Skifte ut gjerde i luftegard, bruke meir tid med kalvane.</li> </ul> <p><b>Kretsane 6 Nord-Troms, 7 Tromsø/Karlsøy, 8 Lyngen, 9 Kåfjord, 10 Balsfjord/Storfjord:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A:</li> <li>• B: Utvida helseregistrering på sau, korleis vert det oppfatta hos dyrevernalliansen og</li> </ul>

	<p>marknaden? Kan det kome reaksjonar på sjukdomsanmerkingane?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• C:</li> </ul> <p><b>Kretsane 11 Midt-Troms, 12 Astafjord, 24 Ytre Helgeland:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Svin: Meir strø og rotmateriale. Storfe: Lausdrift, minst mogleg oppbinding og kontakt ku/kalv etter dieperioden. Sau: Lågare lammetal, meir areal pr dyr.</li> <li>• B: Vere i forkant. Viktig med godt fyrsteintrykk. Reinslegheit og ryddigheit.</li> <li>• C: Betre plass. Avl for færre lam. Svin: Ikkje for høgt trykk i drikkeniplar. Småfe: Sortere etter alder. Småfe og storfe: Betre fôringskapasitet.</li> </ul> <p><b>Kretsane 13 ETS, 14 Narvik/Ballangen, 15 Ytre Sør-Troms:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Småfe: Skikkelege og betre gjerde for å unngå laushundar, samt fjerne gamle gjerde. Vatn til utgangarsau når det er frost/vinter. Storfe skal ut om sommaren. La dyra få luften seg gjennom vinterhalvåret, leiker i fjøsen, raskare snyltebehandling.</li> <li>• B: Vi skal vere fyrst, må forutsjå kva som kjem. Jobbe for at alle skal ha KSL.</li> <li>• C:</li> </ul> <p><b>Kretsane 16 Vesterålen, 17 Andøy, 18 Lofoten:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Kven definerer dyrevelferd? Vi, dyra eller forbrukar? Gode vilkår for kopplam, reint og ryddig</li> <li>• B: Vi er fyrst, må verte flinkare til å formidle det.</li> <li>• C: Sjå til alle dyra</li> </ul> <p><b>Kretsane 19 Nord-Salten, 20 Midt-Salten, 21 Beiarn, 22 Svartisen, 23 Nord-Helgeland:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Effektuerer ut dyr som har manglar/sjuka, nok strø rundt rundballehekkar og hallar med utgangarar av småfe og storfe, drenerande golv, betre organisert dyreflyt/organisering i fjøs.</li> <li>• B: I utgangspunktet fyrst, men flinke til å fokusere på kor bra dyrevelferd vi har kontra import. Antibiotikabruk er viktig fortrinn å fokusere på. Grasfôra: Betre plass og betre grovfôr.</li> <li>• C: Nok strø, grusa fôringsplass, større luftegard, betre plass i fjøs, radiobjeller på alle sau, no fence, ikkje la dyr verte gåande att på fjellet. Velferdsavdeling i mjølkefjøs godt tiltak for å kunne ta ut dyr som ikkje er så robust.</li> </ul> <p><b>Kretsane 25 Vega, 26 Sør-Helgeland, 27 Bindal, 28 Hattfjelldal, 29 Vefsn/Grane:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Lågare terskel for avliving av sjuka dyr. Bruke forbrukarbriller i din eigen produksjon. Bevisstgjerding hos kvar enkelt.</li> <li>• B: Kanskje, men må tenkast gjennom og sjåast nærare på</li> <li>• C: Skore klauver, ekstra halm til grisen, klipping av sau og ku. Velferdsavdeling i mjølkefjøs utfordrande, for dyr må kunne kome ut for lufting.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innspela frå Regionutvalet vert handsama vidare av AU.</b></p>
7	<p><b>Tema: Informasjon frå Nordnorsk landbruksråd</b></p> <p>Birger Bull orienterte om at Nordnorsk landbruksråd er eit samarbeidsråd mellom fag- og samvirkeorganisasjonane i Nord-Norge. Føremålsparagrafen. Visjon og mål. Ny organisering av det regionale samarbeidet frå 2018. Misjon, oppgåver, styring, 7 regionar vidareførast. Eit felles løft i arktisk landbruk. Arktisk kompetanselandbruk i oppstart.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bernt Skarstad og Martin Ness</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig at landbruk er engasjert i forskning og utvikling gjennom Nordnorsk landbruksråd.</li> </ul>

	<p>Vi må alle fremje tiltak som kan drage FoU-midlar til landsdelen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nye politiske regionar med drøfting om ansvar for landbruk hos fylkeskommune og fylkesmannen. Viktig for Nordnorsk landbruksråd å påverke den politiske diskusjonen.</li> </ul> <p>Birger kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<b>5</b>	<p><b>Arbeidet i kretsane</b></p> <p>Brit Kari orienterte om status for pilotprosjektet Ny Giv i kretsarbeidet.</p> <p>Einar Kristiansen orienterte om pilotområde 16 Vesterålen, 17 Andøy, 18 Lofoten sine erfaringar med pilotprosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Styrke i å vere ei større eining, kan finne føredragshaldarar for å arrangere fagmøterunde. Har fått eit verktøy for å få opp aktiviteten</li> </ul> <p>Birgitte Rørvik Bruun orienterte frå pilotområdet 13 ETS, 14 Narvik/Ballangen, 15 Ytre Sør-Troms:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har fulgt årshjulet og hatt jevnlege møter med et fast opplegg, laget aktivitetsplan for vår krets, samarbeidet med de andre kretsene og fått tett oppfølging fra administrasjonen</li> <li>• Har arrangert grillkveld for medlemmene i 2 av 3 kretser, fjøsåpning ammekufjøs, slåttgrøt felles med FK, felles fagmøte dyrevelferd og inntransport v/Animalia og planlegger studietur til slakteriet i Målselv i november.</li> <li>• Erfaringer: Bra å samle 3 kretsutvalg med administrativ oppfølging. Kretsutvalgene blir bedre kjent, kan samarbeide mere og dele gode ideer. Har ført til mer aktivitet. Er lettere for 3 kretser å dra i gang aktivitet sammen. Passelig mange for diskusjon. Var i starten skeptisk til mye arbeid, men har vært givende. Sekretær betyr mye for tilrettelegging og oppfølging. Viktig at administrasjonen holder tråden. Nærhet til administrasjonen/Nortura. Får oftere «påfyll» og kan få info/stille spørsmål</li> <li>• Videre: Viktig med oppfølging fra administrasjonen!! Kretsleder må også få godtgjørelse. Forslag: Godtgjørelse til kretsleder etter innsats, ikke fast honorar. Kretsmedlemmer får halv dags møtegodtgjørelse. Forslag: Halv dags godtgjørelse er for lite med lang reiseavstand.</li> </ul>
<b>6</b>	<p><b>Orientering frå sentral valkomité</b></p> <p>Berit Hundåla orienterte om styremedlemar på val i 2018. Ynskjer innspel til valkomitéarbeidet.</p> <p>Ingen spørsmål/kommentarar.</p>
<b>12</b>	<p><b>Lokale saker/open post</b></p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Trygve Fridheim, Johan Fredrik Høyser, Berit Hundåla, Wanja Rakvaag, Sigurd Langfors, Bernt Skarstad, Peter Nicolaisen, Martin Ness, Morten Fredriksen, Jan Albert Steindal, Bernhard Halvorsen, Glenn Peter Knædal, Bente Børsheim, Jan Håland, Birgitte Rørvik Bruun og Jan Storteig.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mykje fine kle i kolleksjonen. Kven ynskjer vi skal sjå Nortura-namnet? Eg ynskjer meir profilkle med Gilde.</li> <li>• Kombinasjon av Nortura, Gilde og Prior på profilklea?</li> <li>• Thulefjord, Terina, osv er også merkevarer. Kan ikkje ha alle på klea, men Gilde er mest kjent. Eg brukar gjerne Gilde på klea mine.</li> <li>• Mogeleg å sjølv velje logo på klea ved bestilling?</li> <li>• Lomme til pute/støtte på knea på kjeledressen?</li> <li>• Korleis går det med Islandskvoten? Må vi importere eller kan vi sleppe unna?</li> </ul>



- Mentorordning for nye brukarar, med erfarne produsentar som fylgjer opp nye brukarar?
- Mentorordning inngå som del av jobben i kretsutvalet, med oppfølging av nye brukarar?
- Mentorordning ikkje berre til nye brukarar, men også etablerte bønder som treng oppfølging t.d. på reproduksjon. Kan knyte til seg ein erfaren gardbrukar som mentor. Brukast på Helgeland i dag, men har ikkje avtale med Nortura, og gjer jobben på dugnad. Nortura bør gje honorar og godtgjersle for køyring, dersom Nortura-rådgjevar ber om bistand.
- Eg har vore ny brukar i 3 år, utan å ha fått besøk av rådgjevar, som har sagt han skal kome (Johan Fredrik Høyser).
- Innovasjon Norge har mentorordning, med 5-6 mentorar i Landbruksrådgjevinga. Må samarbeide.
- Netthandel er aukande, men korleis skjer det i praksis? Haldbarheit?
- Får melding om henting av livdyr på SMS om dag, men ikkje om tidspkt. Det gjer vi på slaktedyrl levering.
- Skryt til transportør i Finnmark, veit alltid kva tidspkt dei kjem.
- Legge inn to mobilnr til ein brukar, går det an?
- Vi må verte meir effektive når vi skal laste opp dyra våre, med grinder, osv. HMS-tiltak også viktig.
- Fekk ikkje varsel om endra hentetidspkt. Kan verte flinkare på å sende SMS om endringar, i staden for at dyrebilsjåfør må ringe.
- På søndag vanskeleg å få vite tidspkt for henting, for dyrebilsjåfør og medlemssenter har fri.
- Viktig med fleksibilitet for alle produksjonar.
- Kostnad med retur slakt: Er det reelt at det kostar kr 400 i slakting? Gjenspeglar det kostnaden med alle lam som skal seljast vidare?
- Reagerer også på kostnad med retur, lokalt slakteri på Andøya er rimelegare. Har høyrst skepsis til klippelinja, er ho effektiv?
- Har sjåførar som ynskjer ferje framfor å køyre rundt pga kviling. Er det sjåfør som bestemmer reiserute?
- Har levert forslag om aksjon Rampe, med rydding og kontroll av rampe, i samarbeid med FK. Kva er status for premiering?
- Dårlege hygienisk forhold på nødslaktbilen. Trongt med fleire enn eitt nødslakt, grensar til lekkasje.
- Vi er kravstore i forhold til hentetidspkt, og gjer det utfordrande for inntransportplanlegginga.
- Innan for helse storfe må vi ha fokus på lastetilhøva.
- Eigen livdyrbil lagt på is?
- Kadaverhenting i Finnmark? Dyreslag og mailadr på deltakarlista for RU-møtet?
- Retur av skinn: Får melding frå garveri om at skinn er øydelagde pga dårleg salting på slakteri. Stemmer det? Får også skinn i retur, der det har vore dårleg salting.
- Har skjedd betring?
- Merking av villsau: Er det nødvendig med spesielt villsaumerke (blått)?
- Unødvendig med ekstra villaumerke når vi har RFID-merking? Kva er krava for når det skal merkast som villsau, i forhold til rasereinheit?

Merethe, Brit Kari, Mads og Svein Inge kommenterte og svarte på spørsmåla.

Svein Slåtsveen  
(sign.)

Martin Ness  
(sign.)

Liv Kari Huskeback  
(sign.)